DET KONGELEGE
NÆRINGS- OG FISKERIDEPARTEMENT

Prop. 26 S

(2026–2027)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringar i statsbudsjettet 2026 under Nærings- og fiskeridepartementet

Tilråding frå Nærings- og fiskeridepartementet 20. november 2026, godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)

1 Innleiing

I denne proposisjonen legg Nærings- og fiskeridepartementet fram endringsforslag på statsbudsjettet 2026 i samsvar med punkt 2–5 nedanfor.

2 Omtale av forslag til utgiftsendringar

Kap. 900 Nærings- og fiskeridepartementet

Post 01 Driftsutgifter

Ansvaret for klagesaker der Fiskeridirektoratet er førsteinstans blei i september 2024 overført frå Fiskeridirektoratets klagesakseining til Nærings- og fiskeridepartementet. Det er venta at utgiftene knytt til dette ansvaret vil vere noko høgare enn budsjettert. På dette grunnlaget gjer departementet framlegg om å auke løyvinga med 0,2 mill. kroner, mot ein tilsvarande reduksjon under kap. 917, post 01.

Som følgje av overføringa av oppgåver og tilsette frå Nærings- og fiskeridepartementet til Utanriksdepartementet gjer departementet framlegg om å redusere løyvinga med 5,4 mill. kroner i 2026. Beløpet svarar til utgifter til løn, reiser, overtid mv. for perioden frå 17. august til 31. desember 2026.

Vidare gjer departementet framlegg om å auke løyvinga med 0,3 mill. kroner, mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 900, post 21. Omdisponeringa skal dekkje nødvendige tenestereiser for politisk leiing resten av året.

Samla gjer departementet framlegg om å redusere løyvinga med 4,9 mill. kroner.

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast

Departementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 0,3 mill. kroner, mot ei tilsvarande auke på kap. 900, post 01. Omdisponeringa skal dekkje nødvendige tenestereiser for politisk leiing resten av året.

Post 26 Forvalting av grunneigedom på Svalbard, kan overførast

Departementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 1,5 mill. kroner mot ei tilsvarande auke på kap. 3900, post 03 som følgje av auke i talet på fakturerbare leigeavtalar.

Post 27 Etablering av støtteregister, kan overførast

Brønnøysundregistera satt første leveranse av støtteregister i produksjon i januar 2026. I påvente av avklaringar om endringar i forskrift, har det vore låg aktivitet i prosjektet. Endringar i regelverket skal etter planen tre i kraft i midten av desember, og Brønnøysundregistera planlegg å setje nye løysingar i støtteregistera i produksjon i starten av 2027. Det blei overført 5,9 mill. kroner frå 2025. Gjenståande midlar på posten blir foreslått overført til 2027, jf. framlegg til vedtak II.

Post 71 Miljøtiltak Raufoss

Departementet gjer framlegg om å redusere løyving med 2,4 mill. kroner. På denne posten fører ein refusjon av utgifter til pålagde miljøtiltak ved opprydding av historisk forureining i Raufoss og Mjøsa. Basert på oppdatert informasjon vil dei samla utbetalingane utgjere 4,1 mill. kroner i 2026. Hovudårsaka til reduksjonen er endringar i framdrift slik at utgiftene vil bli fordelt over fleire år.

Post 81 Tilskot til Leverandørutviklingsprogrammet, kan overførast

I saldert budsjett 2026 løyvde Stortinget 5,4 mill. kroner i tilskot til Leverandørutviklingsprogrammet (LUP). I revidert nasjonalbudsjett for 2026 auka løyvinga med 5 mill. kroner, til 10,4 mill. kroner.

Departementa har i løpet av 2026 gjennomført ei støtterettsleg vurdering av tilskota til LUP, jf. omtale i Prop. 26 S (2025–2026), Innst. 75 S (2025–2026), Prop. 96 S (2025–2026) og Innst. 450 S (2025–2026). I påvente av desse vurderingane har det ikkje vore mogleg å starte utbetalingane til LUP før i andre halvdel av 2026, og LUP har difor ikkje kunna halde den opphavleg planlagde framdrifta i arbeidet.

På dette grunnlaget gjer departementet framlegg om at stikkordet «kan overførast» føyast til post 81, jf. framlegg til vedtak II.

Kap. 902 Justervesenet

Post 01 Driftsutgifter

Departementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 2 mill. kroner. Dette skuldast mellom anna sjukefråvær og omstillingsaktivitet i tilsynsverksemda, som har påverka aktiviteten. Reduksjonen motsvarast mot tilsvarande reduksjon under kap. 3902, post 01.

Kap. 903 Norsk akkreditering

Post 01 Driftsutgifter

Departementet gjer framlegg om å auka løyvinga med 5,6 mill. kroner mot ein tilsvarande auka under kap. 3903, post 01. Endringa kjem som følgje av at Norsk akkreditering forventar fleire vidarefakturerbare utgifter samanlikna med tidlegare prognosar.

Kap. 904 Brønnøysundregistera

Post 01 Driftsutgifter

Departementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 3,5 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon under kap. 3904, post 02. Endringa skuldast lågare inntekter enn først venta.

Post 45 Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, kan overførast

Prosjektet for ny registerplattform i Brønnøysundregistera (BRsys) klarar ikkje å levere som planlagt. Prosjektet har hatt vesentleg lågare kapasitet enn planlagt, blant anna som følgje av at fleire ressursar enn opphavleg planlagt må arbeide med forvalting av løysingar som er satt i drift på ny plattform. Samanlikna med gjeldande budsjett, har BRsys eit mindreforbruk på 14 mill. kroner.

Prosjektet for brukarvennlege registertenester (BVR) er avhengig av BRsys-prosjektet, særleg sidan ein del av løysingane for BVR må innførast etter at BRsys er ferdig. Samanlikna med gjeldande budsjett, har BVR eit mindreforbruk på 5,3 mill. kroner.

Samla gjer departementet framlegg om å redusere løyvinga med 19,3 mill. kroner, mot ei tilsvarande auke av løyvinga seinare i prosjektperioden.

Kap. 906 Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard

Post 32 Miljøtiltak Folldal, kan overførast

Departementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 24 mill. kroner. Endringa kjem som følgje av lågare kostnader i arbeidet med grøftesystem, som har gitt ein betydeleg reduksjon av kostnader samanlikna med opphavleg plan.

Kap. 907 Norsk nukleær dekommisjonering

Post 01 Driftsutgifter

I samband med revidert nasjonalbudsjett for 2026 vart løyvinga på posten auka med 8,1 mill. kroner for å auke bemanninga til å gjennomføre verksemdsoverdraging av atomanlegga på Kjeller og å erstatte konsulentar med faste tilsette. Tilsetjingsprosessane for desse stillingane har teke lenger tid enn føresett. Nærings- og fiskeridepartementet gjer difor framlegg om å redusere løyvinga med 6 mill. kroner.

Post 30 Opprydding Søve, kan overførast

Fase 1 av prosjektet, som inneberer aktivitetar som planlegging og utarbeiding av søknader, blei fullført i første halvdel av 2026. Fase 2 bli sett i verk når nødvendige løyve er godkjende. Departementet gjer difor framlegg om å redusere løyvinga på posten med 27 mill. kroner.

Kap. 908 Institutt for energiteknikk

Post 71 Tilskot til sikring av atomanlegg

Ein del planlagde sikringstiltak ved atomanlegget på Kjeller er utsett til 2027, i hovudsak som følgje av arbeidet med forsert overføring av anlegga til staten. Nærings- og fiskeridepartementet gjer difor framlegg om å redusere løyvinga med 14,9 mill. kroner.

Post 72 Lån til flytting av laboratorium og infrastruktur

I 2022 blei det inngått avtale mellom staten og IFE om eit lån til IFE for å finansiere flytting av laboratorium og infrastruktur ut av det nukleære området på Kjeller. Gjenståande låneramme er tenkt brukt til delfinansiering av eit nytt laboratoriebygg for IFE. Prosjektet har hatt lågare framdrift enn venta, og det vil ikkje bli utbetaling av lån i 2026. På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 78,5 mill. kroner, til 0.

Kap. 909 Tiltak for sysselsetjing av sjøfolk

Post 73 Tilskot til sysselsetjing av sjøfolk, overslagsløyving

Tilskotsordninga for sysselsetjing av sjøfolk er ei regelstyrt og rettighetsbasert ordning. Løyvinga under ordninga er avhengig av talet på sjøfolk og løna deira. Tilskotet blir utbetalt etterskotsvis over seks terminar, og i budsjettåret 2026 står det att utbetaling for éin termin.

Det er uvisse knytt til utbetalinga for 4. termin, då terminen etter røynsle har høgast aktivitet. Overslagsløyvinga blir difor foreslått auka med 30 mill. kroner grunna jamt høgt tal på sjøfolk i ordninga og høgt lønsnivå.

Kap. 911 Konkurransetilsynet

Post 01 Driftsutgifter

I oppfølginga av den såkalla prisjegersaka har Konkurransetilsynet hatt behov for å kjøpe sakkunnig bistand. Saka blir no handsama i rettssystemet. På grunn av omfanget og dei prinsipielle sidene ved saka, har behovet for sakkunnig bistand vore større enn i andre konkurransesaker som blir handsama i rettssystemet. Nærings- og fiskeridepartementet gjer difor framlegg om tilleggsløyving på 3 mill. kroner.

Kap. 912 Klagenemndssekretariatet

Post 21 (ny) Særskilde driftsutgifter

Stortinget har samtykka i at Nærings- og fiskeridepartementet kan overskride løyvinga for å dekkje eventuelle saksomkostningar knytt til endring av innklaga vedtak til fordel for ein part i medhald av forvaltingslova § 36, i saker som handsamast av nemnder Klagenemndssekretariatet betener. Det er ikkje løyvd midlar til ordninga i saldert budsjett 2026. Det er venta at dei samla sakskostnadene for året vil utgjere 2 mill. kroner. Det er overført 0,7 mill. kroner frå 2025 på posten. På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å løyve 1,3 mill. kroner.

Kap. 915 Regelrådet

Post 01 Driftsutgifter

Departementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 2 mill. kroner. Endringa kjem som følgje av ekstraordinære utgifter i samband med nedlegginga av Regelrådet. Meirutgiftene ligg innanfor overskridingsfullmakta på inntil 2 mill. kroner som blei gjeve på grunn av usikkerheit knytt til utgiftene ved avviklinga av verksemda.

Kap. 917 Fiskeridirektoratet

Post 01 Driftsutgifter

Ansvaret for klagesaker der Fiskeridirektoratet er førsteinstans, blei i september 2024 ført over frå Fiskeridirektoratet si klagesakseining til Nærings- og fiskeridepartementet. Det er venta at innsparinga hos Fiskeridirektoratet blir noko større enn budsjettert. Departementet gjer difor framlegg om å redusere løyvinga med 0,2 mill. kroner, mot ein tilsvarande auke under kap. 900, post 01.

Post 22 Fiskeriforsking og -overvaking, kan overførast

På bakgrunn av endra anslag for inntektene frå fiskeriforskingsavgifta, gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 18,8 mill. kroner til 164,5 mill. kroner. Det visast også til omtale under kap. 5574, post 74.

Post 23 Prisråd for havbruk

Nye overslag frå Fiskeridirektoratet viser lågare ressursbruk enn føresett. Årsaka er mellom anna lågare kostnader til løn, både i klagesakseininga og i sekretariatet. Vidare har Stortinget sitt oppmodingsvedtak om avvikling, redusert behovet for å utvikle nye rapporteringsløysingar. På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 3,4 mill. kroner.

Kap. 919 Ymse fiskeriføremål

Post 60 Tilskot til kommunar og fylkeskommunar, kan overførast

Kommunar og fylkeskommunar med oppdrettsverksemd får utbetalt 55 pst. av inntektene frå sal av nye oppdrettsløyve, i tillegg til produksjonsavgifta på laks, aure og regnbogeaure i sin heilskap. Produksjonsavgifta utbetalast etterskotsvis.

Nærings- og fiskeridepartementet har hausten 2026 selt nye oppdrettsløyve mot betaling. Dette har førebels gitt inntekter på 842 mill. kroner, derav 55 pst. som skal utbetalast til kommunar og fylkeskommunar med oppdrettsverksemd. Ein viser også til omtale under kap. 3917, post 13. På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 463,1 mill. kroner.

Det går framleis føre seg noko sakshandsaming i Fiskeridirektoratet knytt til sal av unntaksvekst i samband med tildelingsrunden. Ettersom det kan kome ytterlegare inntekter frå dette salet, gjer departementet framlegg om at posten blir tilført stikkordet «kan overførast», jf. forslag til vedtak II. Vidare gjer departementet framlegg om ei utvida meirinntektsfullmakt slik at 55 pst. av eventuelt seint innbetalte meirinntekter frå tildelingsrunden i 2026 kan bli utbetalt til kommunar og fylkeskommunar i 2027, jf. forslag til vedtak V.

Post 73 Tilskot til kompensasjon for CO_2-avgift

Departementet gjer framlegg om å auke løyvinga på posten med 1,8 mill. kroner, mot ein tilsvarande reduksjon av løyvinga i 2027. Auken kjem som følgje av ein sakshandsamingsfeil.

Post 74 Erstatningar, kan overførast

Utbetaling av erstatningar til fiskarar varierer mykje frå år til år. Departementet gjer framlegg om å redusere løyvinga på posten med 1,5 mill. kroner, på bakgrunn av endra estimat på forventa utbetalingar i inneverande år.

Post 76 Tilskot til fiskeriforsking, kan overførast

På bakgrunn av endra anslag for inntektene frå fiskeriforskingsavgifta, gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 1 mill. kroner. Det visast til omtale under kap. 5574, post 74.

Kap. 920 Noregs forskingsråd

Post 70 Tilskot til næringsretta forsking, kan overførast

Oppdraget frå Nærings- og fiskeridepartementet til Forskingsrådet knytt til mineralstrategien er gjennomført. Det kravde mindre ressursar enn føresett. På bakgrunn av dette gjer departementet framlegg om å auke post 70 med 1,6 mill. kroner, mot ein tilsvarande reduksjon under Kunnskapsdepartementet sitt kap. 285, post 21.

Vidare gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 330 mill. kroner. Innføring av etterskotsvis fakturering og bruttobudsjettering har ført til at store delar av utbetalingane for nye prosjekt kjem seinare enn det som var lagt til grunn i budsjettet, noko som fører til at mange utbetalingar blir forskyvd frå 2026 til 2027.

På dette grunnlaget gjer departementet framlegg om ein samla reduksjon av løyvinga med 328,4 mill. kroner.

Departementet gjer framlegg om å auke tilsegnsfullmakta med 330 mill. kroner, frå

2 933,1 mill. kroner til 3 263,1 mill. kroner, jf. framlegg til vedtak III.

Post 72 Tilskot til marin og maritim forsking, kan overførast

Nærings- og fiskeridepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 153 mill. kroner. Innføring av etterskotsvis fakturering og bruttobudsjettering har ført til at store delar av utbetalingane for nye prosjekt kjem seinare enn det som var lagt til grunn i budsjettet, noko som fører til at mange utbetalingar blir forskyvd frå 2026 til 2027. I tillegg er det ei forskyving i utbetalingane knytt til maritimt forskingssenter for kunstig intelligens.

Departementet foreslår samtidig å auke tilsegnsfullmakta med 153 mill. kroner til 1 675,5 mill. kroner, jf. framlegg til vedtak III. For meir utførleg omtale blir det vist til Prop. 27 S (2026–2027) *Endringar i statsbudsjettet 2026 under Kunnskapsdepartementet*.

Kap. 922 Romverksemd

Post 51 Eigenkapital Andøya Space, kan overførast

Stortinget vedtok i samband med handsaminga av Prop. 127 S (2019–2020) eit vilkårsbunden tilsegn om inntil 282,6 mill. kroner i eigenkapital til etablering av Andøya Spaceport, post 51, og eit vilkårsbunden tilsegn om inntil 83 mill. kroner i regionalstøttetilskot til Andøya Space AS, post 76. Begge tilsegna var knytt til etablering av Andøya Spaceport.

Regjeringa avgjorde i oktober 2021 at vilkåret for tilsegna var oppfylt. Det er inngått ei investeringsavtale mellom Andøya Space AS og eigarane Nærings- og fiskeridepartementet og Kongsberg Defence & Aerospace, og kapitalen blir utbetalt til selskapet i fleire transjer på grunnlag av framdrifta i prosjektet. Nærings- og fiskeridepartementet har hittil tilført Andøya Space 209,6 mill. kroner av eigenkapitalen og 56,5 mill. kroner av tilskotet. Det står no att totalt 99,5 mill. kroner, fordelt med 73 mill. kroner i eigenkapital og 26,5 mill. kroner i tilskot.

I statsbudsjettet for 2027 er det føreslått å omdisponere resten av løyvinga frå kap. 922, postane 51 og 76 til vidareutvikling av oppskytingsverksemda ved Andøya Spaceport. Det er i tillegg føreslått å setje av 223,5 mill. kroner over Forsvarsdepartementets budsjett på kap. 1760, post 45. Den samla kostnaden for tiltaka er venta å vere 646 mill. kroner (styringsramme P50) fordelt på 2027 og 2028.

På denne bakgrunn gjer departementet framlegg om at postane 51 og 76 får stikkordet «kan overførast», jf. framlegg til vedtak II.

Post 70 Kontingent i European Space Agency (ESA)

Kontingenten i ESA blir utbetalt i euro. Valutakursen blei lågare enn den som var lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett for 2026. Samtidig har pensjonskostnadar i ESA auka meir enn det som blei i lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett for 2026.

På dette grunnlaget gjer departementet framlegg om å redusere løyvinga med 0,9 mill. kroner.

Post 71 Internasjonal romverksemd

Norske utbetalingar til ESA blir betalt i euro. Valutajusteringar for utbetaling til ESA har ført til lågare kostnad samanlikna med det som låg til grunn i revidert nasjonalbudsjett for 2026.

På dette grunnlaget gjer departementet framlegg om å redusere løyvinga med 3,7 mill. kroner.

Post 73 EU sine romprogram

Kontingent for norsk deltaking i romprogramma til EU blir utbetalt i euro. Rekneskapen for romprogrammet blir gjort opp to år etter det gjeldande året, og medfører eit mindre løyvingsbehov for 2026. I tillegg blei eurokurs lågare enn lagt grunn i revidert nasjonalbudsjett for 2026.

På dette grunnlaget gjer departementet framlegg om å redusere løyvinga med 9 mill. kroner.

Post 76 Tilskot Andøya Space, kan overførast

Ein viser til omtalen under post 51. Departementet gjer framlegg om at post 76 også får stikkordet «kan overførast», jf. framlegg til vedtak II.

Kap. 923 Havforskingsinstituttet

Post 22 Fiskeriforsking og -overvaking, kan overførast

På bakgrunn av endra anslag for inntektene frå fiskeriforskingsavgifta, gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 33,8 mill. kroner, til 296,2 mill. kroner. Det visast også til omtale under kap. 5574, post 74.

Kap. 924 Internasjonale samarbeidsprogram

Post 70 Tilskot

Løyvinga dekker Noreg sin del av utgiftene til EU sitt investeringsprogram InvestEU og dei samla utgiftene for deltaking i programdelane som Nærings- og fiskeridepartementet er ansvarlege for under EU sitt program for den indre marknaden. Utanriksdepartementet utbetalar programmidlar til EU og ber om refusjon frå dei ansvarlege departementa i etterkant. Dei totale utbetalingane til dei to programma utgjer om lag 374 mill. kroner. Av dette går 332,1 mill. kroner til InvestEU fondet. Dei resterande midlene på lag 41,4 mill. kroner går til program for den indre marknaden, inkludert deltaking i InvestEU portalen og tilhøyrande administrasjonskostnader.

Departementet gjer difor framlegg om å redusere løyvinga med 18,9 mill. kroner.

Kap. 951 Store Norske Spitsbergen Kulkompani AS

Post 71 Tilskot til energitiltak, kan overførast

I saldert budsjett for 2026 er det løyvd 374 mill. kroner i lån til Svalbard Energi AS (SEAS) til oppgraderinga av energiforsyninga i Longyearbyen. Lånet er løyvd med lik fordeling, 187 mill. kroner, på post 71 og post 90.

Det har teke lengre tid enn planlagt å få dei nødvendige løyva, slik at grunnarbeidet kunne starte som planlagt i 2026. Enkelte av tiltaka som blei planlagde gjennomført i 2026 tilknytt oppgraderinga av energiforsyninga er difor utsett og 131 mill. kroner av det samla lånet (65,5 mill. kroner på kvar av postane 71 og 90) er ikkje utbetalt til SEAS i 2026. I tråd med justert framdriftsplan skal desse tiltaka gjennomførast i 2027, slik at mindreforbruket i 2026 berre har ein mellombels periodiseringseffekt.

På dette grunnlag gjer departementet framlegg om at post 71 og 90 får stikkordet «kan overførast», slik at unytta låneramme på 131 mill. kroner i 2026 kan nyttast til planlagde tiltak i 2027, jf. framlegg til vedtak II.

Post 90 Lån, kan overførast

Grunna blant anna høgare inntekter enn tidlegare lagt til grunn i samband med oppryddinga etter koldrift i Longyearbyen, har Store Norske i 2026 ikkje hatt behov for å nytta seg av den kortsiktige lånefasiliteten staten stilte til disposisjon. Departementet gjer difor framlegg om å redusere løyvinga med 57 mill. kroner.

Stortinget vedtok 17. desember 2021, jf. Innst. 78 S og Prop. 27 S (2021–2022), fullmakt til at Nærings- og fiskeridepartementet i seinare budsjetterminar kan:

1. gje tilsegn om lån for inntil 72 mill. kroner ut over løyvinga på kap. 950 Forvalting av statleg eigarskap, post 92 Lån til Store Norske Spitsbergen Kulkompani AS, knytt til kjøpet av Hurtigruten Svalbard si bygningsmasse i Longyearbyen, og
2. gje tilsegn om eigenkapital for inntil 47,8 mill. kroner ut over løyvinga på kap. 950 Forvalting av statleg eigarskap, post 95 Eigenkapitalinnskot til Store Norske Spitsbergen Kulkompani AS, knytt til kjøpet av Hurtigruten Svalbard si bygningsmasse i Longyearbyen.

I saldert budsjett 2026 er det løyvd 72 mill. kroner i lån til Store Norske for å ivareta oppfølginga av den første delen av fullmakta frå 2021 knyta til kjøpet av Hurtigruten Svalbard si bygningsmasse i Longyearbyen.

Tilleggsbeløpet som Store Norske var avtaleplikta til å betale til Hurtigruten Svalbard blei totalt 72,2 mill. kroner inkl. renter. I tråd med Stortingets tidlegare tilslutning blei 60 pst. av tilleggsbeløpet (43,3 mill. kroner) finansiert med tilførsel av lån og 40 pst. med ny eigenkapital (28,9 mill. kroner) til Store Norske, jf. også omtale under post 96. Dette inneberer at låneutbetalinga for 2026 var 43,3 mill. kroner og departementet gjer difor framlegg om å redusere løyvinga med 28,7 mill. kroner.

Samla gjer departementet framlegg om å redusere løyvinga på post 90 med 85,7 mill. kroner.

I saldert budsjett 2026 er det løyvd til saman 316 mill. kroner i lån til Svalbard Energi AS og Store Norske Spitsbergen Kulkompani AS (Store Norske) på post 90. Dette omfattar 187 mill. kroner i lån til SEAS til oppgraderinga av energiforsyninga i Longyearbyen, 57 mill. kroner i lån til Store Norske for å finansiere eit kortsiktig likviditetsbehov i samband med oppryddinga etter koldrifta i Longyearbyen og 72 mill. kroner i lån til Store Norske til å finansiere tilleggsbeløp knytt til kjøp av Hurtigruten Svalbard si bygningsmasse i Longyearbyen i 2021.

Det visast til omtale under post 71. Det tilrådast å tilføre posten stikkordet «kan overførast», jf. framlegg til vedtak II, slik at unytta del av låneramma (65,5 mill. kroner) til SEAS løyvd på post 90 til oppgraderinga av energiforsyninga i Longyearbyen kan nyttast i 2027 i tråd med den justerte framdriftsplanen for prosjektet.

Post 96 Aksjar

I saldert budsjett 2026 er det løyvd 47,8 mill. kroner i eigenkapital til Store Norske for å ivareta oppfølginga av den andre delen av fullmakta frå 2021 knyta til kjøpet av Hurtigruten Svalbard si bygningsmasse i Longyearbyen, jf. også omtale under post 90.

40 pst. av tilleggsbeløpet, 28,9 mill. kroner, blei finansiert med tilførsel av ny eigenkapital til Store Norske. Departementet gjer difor framlegg om å redusere løyvinga på post 96 med 18,9 mill. kroner.

Kap. 952 Investinor AS

Post 50 (ny) Risikokapital

Forslaget inneber å auke Investinor sine rammer under mandatet for fonds- og matching-investeringar som følgje av tilbakebetaling frå pre-såkornordninga, jf. forslag under kap. 3952, post 55.

Ordninga med pre-såkornfond blei overført frå Innovasjon Noreg til Investinor i 2020, og det blei oppretta eit nytt mandat for fonds- og matching-investeringar i Investinor. Stortinget vedtok i 2020 at det ikkje skulle opprettast nye fond under den opphavelege pre-såkornordninga, og at det nye mandatet i Investinor mellom anna kunne ivareta føremålet med ordninga med pre-såkornfond framover. Det blei lagt til grunn at tilbakebetalte utlån frå pre-såkornfond kunne nyttast som inndekking for løyvingar til risikokapital til det nye mandatet i Investinor. Nærare omtale er gitt i Prop. 1 S (2019–2020) under «Saker i tilknytning til enkeltselskaper» og under kap. 950, post 54 om Investinor sitt mandat for forvalting av fonds- og matchinginvesteringar. Tilbakeførte pre-såkornmidlar er såleis blitt konvertert til risikokapital i mandatet for fonds- og matchinginvesteringar både i 2021, 2023, 2024 og 2025.

Nærings- og fiskeridepartementet gjer framlegg om å nytte tilbakebetaling frå pre-såkorn-ordninga til å løyve 15 mill. kroner til risikokapital i Investinor. Ein viser også til omtale under post 95 der det i tillegg blir gjort framlegg om å auke løyvinga til kapitalinnskot til mandatet med 28 mill. kroner, i tråd med etablert budsjettpraksis der 35 pst. av midlane blir løyvd på ein tilskotspost (såkalla «over streken»), medan 65 pst. blir løyvd som formuesplassering (90-post, såkalla «under streken»). Mandatet blir med dette tilført totalt 43 mill. kroner i 2026.

Post 52 (ny) Investeringar i fond retta mot Ukrainsk forsvarsindustri

Regjeringa har vedteke at det skal opprettast ei ordning som opnar for statleg deltaking i norske fond retta mot ukrainsk forsvarsindustri, med ei ramme på 1 mrd. kroner som blir tilført dei næraste åra. Formålet er å bidra til utviklinga av ukrainsk forsvarsindustri og styrking av europeisk og norsk sikkerheit. Ordninga kan også bidra til at norske investeringsmiljø byggjer kompetanse og nettverk som gjer dei betre til å investere i og utvikle innovative forsvarsbedrifter.

Under ordninga kan Investinor investere i ulike fond som har verksemd i Noreg som hovudsakleg gjer investeringar retta mot ukrainsk forsvarsindustri. Investeringane skal rettast mot fond som investerer i venturekapitalfasane og ekspansjonsfasen. For fond som investerer i fleire land skal minst ein del lik Investinor sin eigardel i fonda, investerast i ukrainske forsvarsverksemder.

Ordninga skal byggje på kjende innretningar som blir brukt i både det europeiske og det norske verkemiddelapparatet for investeringar i tråd med marknadsinvestorprinsippet i statsstøtteretten, mellom anna at investeringar alltid blir gjort på like vilkår som private medinvestorar, og at private investorar bidreg med meir enn 50 pst. av midla i fonda. Det vil vere opp til Investinor å avgjere kva fond det skal investerast i, og med kva beløp. Investinor sine kostnader knytt til forvalting av ordninga dekkast av kapitalen i ordninga.

Ordninga skal finansierast gjennom den militære delen av Nansen-programmet, og liggje under Nærings- og fiskeridepartementet. Det leggjast opp til at midlane rammeoverførast frå Forsvarsdepartementet sitt kap. 1750, post 79 til Nærings- og fiskeridepartementet sitt kap. 952, post 52 i den ordinære budsjettprosessen. Forvaltingskostnader i tilknyting til ordninga dekkjast av den tilførte kapitalen til ordninga. Eventuell avkasting og tilbakebetaling frå fonda skal førast tilbake til staten.

Det blir difor føreslått å rammeoverføre 333 mill. kroner frå kap. 1750, post 79 til kap. 952, post 52.

Post 95 (ny) Kapitalinnskot

Ein viser til omtale under post 50. Departementet gjer framlegg om å auke løyvinga på post 95 med 28 mill. kroner, i tråd med etablert budsjettpraksis der 65 pst. av midlane blir løyvd som lånetransaksjon (såkalla «under streken»).

Kap. 2421 Innovasjon Noreg

Post 50 Tilskot til etablerarar og bedrifter, inkl. tapsavsetjingar

I samband med verksemdsoverdraginga frå Siva til Innovasjon Noreg 1. april 2026, er det avdekt ei samla underdekning på 6,1 mill. kroner knytt til styrings- og rapporteringssystemet Fleirbedriftsportalen. Systemet har vore utvikla i samarbeid mellom Innovasjon Noreg og Siva. Desse kostnadane inneber eit finansieringsbehov utover dei opphavlege anslaga for verksemdsoverdraginga, og Innovasjon Noreg har ikkje tilgjengelege midlar til å handtere kostnadane.

På dette grunnlaget gjer departementet framlegg om å auke løyvinga på kap. 2421, post 50 med 6,1 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon i løyvinga på kap. 2426, post 71.

Post 70 Basiskostnader

I Prop. 1 S (2026–2027) er det gjort framlegg om å avvikle Miljøteknologiordninga i Innovasjon Noreg frå og med 2027, og om at det ikkje blir lagt opp til ei utlysing av nye prosjekt under Grøn plattform i 2027. Det er også gjort framlegg om reduksjonar i løyvingane til tilskot til etablerarar og verksemder og til basiskostnadene til Innovasjon Noreg. Samla blir løyvingane under kap. 2421 reelt sett reduserte med 259,5 mill. kroner i 2027.

Endringane vil føre til eit lågare aktivitetsnivå i Innovasjon Noreg og mindre rammer for selskapet til å tilby finansiering og tenester til næringslivet. Det gjer det nødvendig for Innovasjon Noreg å gjennomføre organisatoriske endringar for å sikre ei kostnadseffektiv utføring av dei reduserte oppdraga. Endringane vil mellom anna innebere ein reduksjon i talet på medarbeidarar. Organiseringa av verksemda ligg til selskapet sjølv, og det er styret som skal gjere prioriteringane i omstillingsprosessen.

Innovasjon Noreg har ikkje eigenkapital til å dekkje omstillingskostnadene, og oppdragsgjevarane er ansvarlege for forpliktingane til verksemda, jf. lov om Innovasjon Noreg og § 9 i vedtektene for Innovasjon Noreg. Avsetjing til nedbemanning og omstilling må gjerast i rekneskapen til Innovasjon Noreg det året avgjerda blir teken. Tilsvarande løysing blei vald ved omstillinga som følgde av budsjettframlegget for 2026, då det blei løyvd 125 mill. kroner til omstilling i Innovasjon Noreg i samband med nysalderinga av statsbudsjettet for 2025, jf. Prop. 24 S (2025–2026) og Innst. 75 S (2025–2026).

Det er førebels uvisst kor store dei endelege omstillingskostnadene blir. Det blir lagt til grunn at beløpet som blir sett av til omstilling, blir avgrensa til det som er nødvendig for å dekkje forpliktingar som følgjer av løyvingsreduksjonane. Det vil bli stilt krav om sluttrapport for omstillingsarbeidet, og beløp som ikkje går til omstilling, vil bli tilbakeførte til statskassa.

Endringane i oppdraget til Innovasjon Noreg får verknad frå 2027, medan omstillinga i verksemda vil ta noko tid. Departementet legg til grunn at den delen av løyvingane til Grøn plattform og miljøteknologiordninga som går til administrasjon og gjennomføring, også kan nyttast til å dekkje delar av omstillingskostnadene som følgjer av endringane i desse ordningane i 2027. Dersom omstillinga fører til større organisatoriske endringar, til dømes i kontorstrukturen, vil departementet eventuelt kome tilbake til behovet for midlar i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2027.

På dette grunnlaget gjer departementet framlegg om å auke løyvinga med 25 mill. kroner.

Post 90 Lån frå statskassa til utlånsverksemd, overslagsløyving

Innovasjon Noreg finansierer si utlånsverksemd ved å ta opp innlån i statskassa til valfri løpetid og med ein rentesats som svarar til renta på statspapir med same løpetid. Innovasjon Noreg refinansierer sin utlånsportefølje ved å ta opp korte og langsiktige lån i statskassa med tilbakebetalingstid frå to månader til fleire år, avhengig av rentebindingstid på utlåna. Innlån og avdrag blir bruttoført, dvs. at beløpa blir utgifts- og inntekts ført kvar gong Innovasjon Noreg tek opp eller til bakebetalar eit lån i statskassa, og akkumulert. Løyvinga vil variere som følgje av kor ofte ein refinansierer innlåna, men vil også vere avhengig av endringar i utlånsvolum. Avdrag på innlåna blir inntektsført under kap. 5325 og rentene på kap. 5625.

Løyvingsendringane på statsbudsjettet for 2026 er basert på anslag om marknadsutvikling, fordeling av flytande/faste lån, portefølje utvikling og innbetalingar av avdrag og renter frå kundar. Innlåna er anslått å bli lågare enn det som låg til grunn ved saldert budsjett 2026. Departementet gjer også framlegg om å auke avdraga, jf. omtale under kap. 5325, post 90. På dette grunnlaget gjer departementet framlegg om å redusere løyvinga med 1,5 mrd. kroner.

Kap. 2426 Siva SF

Post 71 Tilskot til testfasilitetar

Det visast til omtale under kap. 2421, post 50 om gjennomføringskostnader etter verksemdsoverdraginga frå Siva til Innovasjon Noreg 1. april 2026. Departementet foreslår at kostnadane blir dekt gjennom å redusere løyvinga på post 71 med 6,1 mill. kroner, mot ei tilsvarande auke i løyvinga på kap. 2421, post 50.

Kap. 2429 Eksportkredittordninga

Post 90 Utlån

I revidert nasjonalbudsjett for 2026 blei løyvinga for utlån under Eksportkredittordninga endra til 7 mrd. kroner. I siste prognose er utbetalinga av lån i løpet av 2026 estimert til å bli 7,5 mrd. kroner.

Departementet gjer difor framlegg om å auka løyvinga med 500 mill. kroner frå 7 mrd. kroner til 7,5 mrd. kroner.

Kap. 2440/5540 Staten sitt direkte engasjement i petroleumsverksemda

Tabell 2.1 Staten sitt direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda[1]

(i mill. kr)

Kap./post/ underpost	Nemning	Gjeldande løyving[2]	Forslag til ny løyving	Endring
Kap. 2440				
Post 30	Investeringar	35 500	33 500	-2 000
Post 31 (ny)	Kjøp av eigardelar	0	100	100
	Sum kap. 2440	35 5000	33 600	-1 900
Kap. 5440				
U.post 24.1	Driftsinntekter	347 500	396 900	49 400
U.post 24.2	Driftsutgifter	-47 100	-51 000	-3 900
U.post 24.3	Leite- og feltutviklingsutgifter	-2 100	-2 700	-600
U.post 24.4	Avskrivingar	-43 800	-43 800	0
U.post 24.5	Renter av staten sin kapital	-5 600	-5 600	0
Post 24	Driftsresultat	248 900	293 800	44 900
Post 30	Avskrivingar	43 800	43 800	0
Post 80	Renter av staten sin kapital	5 600	5 600	0
	Sum kap. 5440	298 300	343 200	44 900
SDØE sin kontantstraum:				
Innbetalingar[3]		347 500	396 900	49 400
Utbetalingar[4]		-84 700	-87 300	-2 600
Netto kontantstraum frå SDØE		262 800	309 600	46 800

1 Beløpa i tabellen er runda av til nærmaste 100 mill. kroner. Det kan difor førekomme avvik når tala summerast
2 Revidert budsjett jf. Prop. 96 S (2025–2026) og Innst. 450 S (2025–2026)
3 Innbetalingar = driftsinntekter
4 Utbetalingar = driftsutgifter + leite- og feltutviklingsutgifter + investeringar + kjøp av eigardelar

Overslaget for kap. 2440, post 30 Investeringar er redusert med 2 mrd. kroner, til 33,5 mrd. kroner. Reduksjonen på post 30 skuldast i hovudsak endring i prosjektporteføljen på fleire felt, samt tilbakebetaling av tidlegare investeringar grunna redetermineringen på Johan Sverdrup.

Auken på kap. 2440, post 31 skuldast forventa oppgjer for Equinor sin attverande eigardel i Polarled.

Overslaget for kap. 5440, underpost 24.1 Driftsinntekter er auka med 49,4 mrd. kroner, til 396,9 mrd. kroner. Auka kjem av høgare prisføresetnader for olje og gass i 2026. Prisen på gass er auka frå 5,1 kr/Sm^3 til 6,6 kr/Sm^3, medan prisen på olje er auka frå 882,5 kroner per fat til 938,7 kroner per fat.

Overslaget for kap. 5440, underpost 24.2 Driftsutgifter er auka med 3,9 mrd. kroner, til 51,0 mrd. kroner. Dette kjem i hovudsak av auka kraftprisar og transportkostnadar.

Overslaget for kap. 5440, underpost 24.3 Leite- og feltutviklingsutgifter er auka med 600 mill. kroner, til 2,7 mrd. kroner, som følgje fleire brønnar og boredagar.

Overslaget for kap. 5440, underpost 24.4 Avskrivingar og 24.5 Renter av staten sin kapital er uendra.

Endringane fører samla til at driftsresultatet for SDØE er auka med 44,9 mrd. kroner, til 293,8 mrd. kroner.

Netto kontantstraum frå SDØE er rekna til 309,6 mrd. kroner, ein auke på 46,8 mrd. kroner.

Tabell 2.2 Prisføresetnader

Produkt	Gjeldande føresetnader for 2026	Nye føresetnader for 2026
Olje (NOK/fat) – laupande	882,5	938,74
Olje (USD/fat) – laupande	91,3	97,5
Gass (NOK/Sm^3) – laupande	5,1	6,6
Kondensat (NOK/Sm^3) – laupande	5 551,2	5 409,0
NGL (NOK/tonn) – laupande	6 342,8	6 119,6
Valutakurs (NOK/USD)	9,7	9,63

Auka eigarskap i Polarled

Energidepartementet har, på vegne av staten, inngått ein avtale med M Vest Energy AS som inneberer at staten overtek M Vest Energy AS sin eigardel på 5 pst. i Polarled i byte mot ein eigardel på 3,6 pst. i Draugen-feltet. Avtalen inneberer at staten beheld disponeringsforpliktelsen knytt til den aktuelle delen i Draugen-feltet. Det betyr at staten er ansvarleg for avslutningskostnadene knytte til den aktuelle delen, avgrensa til eit førehandsavtalt beløp.

Avtalen er inngått med bakgrunn i staten sitt mål om å oppnå heilstatleg eigarskap i dei sentrale delane av det norske gasstransportsystemet. Energidepartementet reknar avtalen som verdinøytral. Verdsetjinga i transaksjonen med M Vest er basert på same metodikk som låg til grunn for staten sitt kjøp av delar i Polarled som blei gjennomført i 2024.

Gjennomføring av transaksjonen føreset at avtalte vilkår blir oppfylte, deriblant nødvendige godkjenningar frå styresmakter og tredjepartar. Transaksjonen er også avhengig av Stortinget sitt samtykke. Det føreliggjande forslaget til romartalsvedtak gjeld sal av 1,8 pst. i løyve til anlegg og drift av kraft frå land til Draugen- og Njordfelta og sal av 1,8 pst. i Draugen Njord Eiendom DA. Resterande delar av transaksjonen dekkast av Nærings- og fiskeridepartementet si fullmakt til å godkjenne overdraging (sal, kjøp eller byte) av deltakardelar for Petoro AS, jf. romartalsvedtak XXIII i Prop. 1 S (2025–2026) og Innst. 9 S (2025–2026).

Avtalen har økonomisk verknad frå 1. januar 2026. Ein tek sikte på å gjennomføre avtalen innan utgangen av 2026.

Ved Stortinget si handsaming av nysalderinga av statsbudsjettet for 2025, jf. Prop. 24 S (2025–2026) og Innst. 75 S (2025–2026), blei det gjeve fullmakt til kjøp av Equinor sin 5 pst. eigardel i Polarled. Fullmakta blei vidareført for 2026, jf. Prop. 96 S (2025–2026) og Innst. 450 S (2025–2026).

Staten har, etter avtalen om kjøp av delar frå Equinor i 2024, rett til å kjøpe selskapet sine delar i Polarled dersom Equinor blir siste private eigar. Energidepartementet har varsla Equinor om at

staten vil nytte seg av denne retten, og ein tek sikte på å gjennomføre kjøp av Equinor sin 5 pst. eigardel i Polarled innan utgangen av 2026 med 1. januar i år som effektiv økonomisk dato, jf. kap. 2440, post 31 Kjøp av eigardelar. Det vert nytta tilsvarande metodikk og verdsetjing for denne delen, og storleiken på vederlaget er om lag 110 mill. kroner etter skatt.

Ved gjennomføring av transaksjonane vil staten også kompensere for noverdien av attverande skattebalansar i petroleumsskatteregimet knytt til Polarled-eigardelane. Det vil bli gjennomført eit pro et contra-oppgjer for kontantstraumar mellom effektiv dato og dato for gjennomføring av transaksjonane. Vederlaget og pro et contra-oppgjeret vil, på same måte som for transaksjonane som blei gjennomført i 2024, bli utgiftsført netto under kap. 2440, post 31 Kjøp av eigardelar, jf. forslag til vedtak IV. Nettoeffekten er anslått til 50 mill. kroner. I tabell 2.1 er dette runda opp til 100 mill. kroner, under post 31.

Når begge desse transaksjonane er gjennomført vil staten oppnå 100 pst. eigarskap i Polarled gjennom SDØE-ordninga.

Kap. 2540 Stønad under arbeidsløyse til fiskarar og fangstmenn

Post 70 Tilskot, overslagsløyving

Nærings- og fiskeridepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga på posten med 15 mill. kroner, som følgje av endra estimat på forventa utbetalingar i inneverande år.

3 Omtale av forslag til inntektsendringar

Kap. 3900 Nærings- og fiskeridepartementet

Post 03 Inntekter frå forvalting av grunneigedom på Svalbard

Departementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 1,5 mill. kroner mot ei tilsvarande auke under kap. 900, post 26. Endringa skuldast auke i talet på fakturerbare leigeavtalar.

Kap. 3902 Justervesenet

Post 01 Gebyrinntekter

Det visast til omtale under kap. 902, post 01. Departementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 2 mill. kroner.

Post 03 Inntekter frå sal av tenester

Departementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 3 mill. kroner, som følgje av at sluttbetalingar frå nokre avslutta forskingsprosjekt innanfor det europeiske metrologipartnarskapet, Euromet, først blir innbetalt i 2027.

Kap. 3903 Norsk akkreditering

Post 01 Gebyrinntekter og andre inntekter

Meirinntekta kjem av auka vidarefakturerbare utgifter. Departementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 5,6 mill. kroner mot ei tilsvarande auke under kap. 903, post 01.

Kap. 3904 Brønnøysundregistera

Post 01 Gebyrinntekter

Nærings- og fiskeridepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 17,4 mill. kroner. Endringa er basert på nye framskrivingar av forventa gebyrinntekter.

Post 02 Refusjonar, oppdragsinntekter og andre inntekter

Departementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 3,5 mill. kroner, mot ein tilsvarande reduksjon under kap. 904, post 01. Endringa kjem som følgje av færre oppdrag enn venta.

Kap. 3907 Norsk nukleær dekommisjonering

Post 03 Leigeinntekter for tomt i Halden

Staten ved Norsk nukleær dekommisjonering har i 2026 kjøpt ei tomt i Halden av Norske Skog Saugbrugs AS. Det følgjer av kjøpsavtala at Norske Skog Saugbrugs AS skal leige delar av tomta fram til selskapet har flytta ut av området. Eigedomen blei overført til staten seinare enn lagt til grunn i budsjettet, og leigeinntektene i 2026 blir difor lågare. På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 8,9 mill. kroner, til 8,5 mill. kroner.

Kap. 3910 Sjøfartsdirektoratet

Post 01 Gebyr for skip og innretningar i NOR

Med bakgrunn i nye anslag frå Sjøfartsdirektoratet gjer departementet framlegg om å redusere gebyrinntektene på posten med 8 mill. kroner, til 262,1 mill. kroner. Årsaka er i hovudsak ein reduksjon knytt til førstegongsgebyr.

Post 04 Gebyr for skip i NIS

Med bakgrunn i nye anslag frå Sjøfartsdirektoratet gjer departementet framlegg om å auke gebyrinntektene med 6 mill. kroner, til 80,6 mill. kroner. Auka gebyrinntekt er knytt til førstegongsgebyr.

Kap. 3911 Konkurransetilsynet

Post 86 Lovbrottsgebyr

Departementet gjer framlegg om å redusere inntektene med 100 000 kroner, til 0 kroner, då det ikkje er venta lovbrottsgebyr i 2026.

Kap. 3912 Klagenemndssekretariatet

Post 01 Klagegebyr

Inntektene gjeld klagegebyr på rådgjevande anskaffingssaker og ulovlege direkte anskaffingar behandla av Klagenemnda for offentlege anskaffingar. Departementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 0,5 mill. kroner, til 1,3 mill. kroner for å ta omsyn til nye anslag for klagegebyr.

Post 02 Refusjonar og andre inntekter

Inntektene gjeld refusjonar for KOFA-konferansen i 2026. Påmeldingsavgiftene, og dermed estimerte inntekter, er auka i forhold til saldert budsjett. På dette grunnlaget gjer departementet fram legg om å auke løyvinga med 175 000 kroner, til 400 000 kroner.

Post 87 Lovbrotsgebyr

Inntektene gjeld vedtak om brot i klagesaker om offentlege anskaffingar der det er pålagt brotsgebyr. Det var innbetalt 4,9 mill. kroner ved utgangen av august. Det er sannsynleg at det vil kome fleire innbetalingar i løpet av året. På dette grunnlaget gjer departementet framlegg om å auke løyvinga med 5,7 mill. kroner.

Kap. 3917 Fiskeridirektoratet

Post 01 Ymse inntekter

Departementet gjer framlegg om å auke løyvinga på posten med 0,65 mill. kroner på bakgrunn av høgare anslag for innbetalingar i inneverande år.

Post 13 (ny) Inntekter frå sal av løyve til oppdrett

Posten gjeld inntekter frå sal av løyve til oppdrettsverksemd. Inntektene skal delast mellom staten, og kommunar og fylkeskommunar med oppdrettsverksemd. Ein viser og til omtale under kap. 919 post 60. Hausten 2026 har det blitt selt nye oppdrettsløyve til fastpris og auksjon gjennom ei tildelingsrunde. Førebels er dei samla inntektene frå tildelingsrunden 704,7 mill. kroner.

Det er også selt nokre oppdrettsløyve utanom den ordinære tildelingsrunden. Dette gjeld konvertering av oppdrettsløyve til utvikling mot betaling, og sal av oppdrettsløyve i samband med tildelingsrunden 2024. Dei samla inntektene frå desse sala er 137,3 mill. kroner. På dette grunnlag gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyva med 842 mill. kroner.

Post 86 Forvaltingssanksjonar

Departementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 5 mill. kroner. Inntekter på denne posten gjeld tvangsmulkt og lovbrotsgebyr for fiskeria og havbruksnæringa. Omfanget av sanksjonar varierer frå år til år og har til no i 2026 vore høgare enn forventa.

Kap. 3950 Forvalting av statleg eigarskap

Post 96 Sal av aksjar

Fleire av dei børsnoterte selskapa har tilbakekjøpsprogram der selskapet blir gitt fullmakt til å kjøpe sine eigne aksjar i marknaden med sikte på seinare sletting av aksjane. For desse tilfella er det etablert et avtaleverk som inneber innløysing og sletting av eit slikt antal av staten sine aksjar at staten sin eigardel i selskapet ikkje endrar seg som følgje av tilbakekjøpsprogrammet. Staten får eit vederlag for sletting av staten sine aksjar som svarar til det volumvekta gjennomsnittet av kursen selskapet har betalt for aksjane, pluss ein rentekompensasjon og justert for eventuelle utbyte. Så langt i 2026 utgjer vederlag som staten har fått for sletting av staten sine aksjar 3 341,6 mill. kroner ekskl. vederlag for sletting av staten sine aksjar i Equinor ASA, jf. kap. 3955,

post 96. Vederlaget er knytt til sletting av aksjar i DNB Bank ASA.

På dette grunnlaget gjer departementet framlegg om å auke løyvinga med 3 316,6 mill. kroner, til 3 341,6 mill. kroner.

Kap. 3951 Store Norske Spitsbergen Kulkompani AS

Post 90 Avdrag

I saldert budsjett 2026 er avdraga på lån til Store Norske Spitsbergen Kulkompani AS anslått til 23,5 mill. kroner. Endra rentenivå og justerte betalingsplanar inneber at avdraga blir 400 000 kroner høgare enn tidlegare lagt til grunn. På dette grunnlaget gjer departementet framlegg om å auke løyvinga med 400 000 kroner.

Kap. 3952 Investinor AS

Post 50 (ny) Tilbakeført kapital, pre-såkorn m.m.

Det visast til omtale under kap. 952, post 50 og tilbakeføringa av 15,1 mill. kroner i tilbakebetaling frå pre-såkornordninga. Investinor har også hatt eit overskot frå midlar knytt til ordninga med såkornfond og Koinvesteringsfondet Nord-Noreg. Midlar knytt til ordningane blir plassert i eit rentefond forvalta av Investinor. Dette har gitt om lag 32,3 mill. kroner som kan utbetalast frå Investinor. I tillegg er det tilbakebetalingar på 15,5 mill. kroner i avdrag på lån og 29,3 mill. kroner i renter knytt til ordninga med såkornfond oppretta mellom 2006–2008 og 1 mill. kroner frå Investeringsfondet for Nordvest-Russland og Øst-Europa. Begge desse ordningane blei avslutta i 2025 og fordringar i statsrekneskapen knytt til ordningane blei gjort opp.

Det har ikkje vore budsjettert med inntekter knytt til desse ordningane tidlegare i budsjettet for 2026. På dette grunnlaget gjer departementet framlegg om å løyve til saman 93,2 mill. kroner.

Post 90 (ny) Tilbakeført kapital, såkornfond

Nærings- og fiskeridepartementet gjer framlegg om å føre tilbake midlar frå såkornfonda oppretta etter 2014 kor det er uteståande investeringskapital ført som lån i statsrekneskapen. Dette gjeld 23,9 mill. kroner som kjem frå realiseringar og utbytter i ulike fond.

Samla gjer departementet framlegg om ei løyving på 23,9 mill. kroner.

Kap. 3955 Equinor ASA

Post 96 (ny) Sal av aksjar

Ein viser til omtale under kap. 3950, post 96 om at børsnoterte selskap kan ha tilbakekjøpsprogram der selskapet blir gitt fullmakt til å kjøpe sine eigne aksjar i marknaden med sikte på seinare sletting av aksjane. Så langt i 2026 utgjer vederlaget som staten fekk for sletting av staten sine aksjar i Equinor ASA om lag 28,0 mrd. kroner. Staten sin eigardel i selskapet er vidareført med 67 pst.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om ei løyving på 28 001,8 mill. kroner.

Kap. 5325 Innovasjon Noreg

Post 90 Avdrag på uteståande fordringar

Posten omfattar avdrag på lån som Innovasjon Noreg har teke opp i statskassa. Ein viser til omtale av opplegget for lån under kap. 2421, post 90. Løyvinga vil variere som følgje av kor ofte ein refinansierer innlåna, men vil også vere avhengig av endringar i utlånsvolum.

På dette grunnlaget gjer departementet framlegg om å auke løyvinga med 1,7 mrd. kroner.

Post 92 Låneordning for pakkereisearrangørar – avdrag

Avdrag for 2026 er oppdatert i tråd med nye anslag frå Innovasjon Noreg. Anslaga er oppdatert på grunnlag av innbetalingar og betalingsplanane som gjeld for låna. Nye anslag viser ein liten oppgang som følgje av ekstraordinære innfriing av lån.

På dette grunnlaget gjer departementet framlegg om å auke løyvinga med 200 000 kroner.

Kap. 5329 Eksportkredittordninga

Post 70 Gebyr m.m.

Gebyr blir bestemt i dei ulike lånekontraktene. Dei vil difor variera med innhald og verdien på kontraktane. Siste estimat frå Eksfin er at det vil bli 30 mill. kroner i gebyr inntekter for 2026. På dette grunnlaget gjer departementet framlegg om å auke løyvinga med 5 mill. kroner til 30 mill. kroner.

Post 90 Avdrag på utestående fordringar

Eksfin hadde ved slutten av august 2026 mottatt 6,8 mrd. kroner der ein betydeleg del er førehandsbetalingar. Eksfin estimerer no at totale avdrag i løpet av 2026 vil bli 8,5 mrd. kroner. Departementet gjer difor framlegg om å auke løyvinga med 1 mrd. kroner.

Kap. 5460 Eksportfinansiering Noreg

Post 71 Tilbakeføring frå avvikla garantiordningar

I saldert budsjett for 2026 blei det løyvd 1,7 mill. kroner på posten. Eksfin vurderer no at ytterlegare 6,8 mill. kroner kan bli overført til staten. På bakgrunn av dette foreslår Nærings- og fiskeridepartementet å auka løyvinga med 6,8 mill. kroner.

Post 85 Inntekter frå avvikla mellombelse ordningar

På posten blir det ført inntekter frå dei avvikla mellombelse ordningane. Under lånegarantiordning i samband med høge straumprisar er det enno 1,3 mill. kroner att i utestående ansvar, medan det er 3,8 mill. kroner er avsett til tap. På dette grunnlag gjer departementet framlegg om å auke løyvinga med 2,5 mill. kroner.

Kap. 5574 Sektoravgifter under Nærings- og fiskeridepartementet

Post 73 Årsavgift merkeregisteret

Inntektene dekker ein del av staten sine kostnader knytte til drift og vedlikehald av merkeregisteret og til bruk av registeret til statistikk- og forvaltningsføremål. Innbetalingane på posten hittil i år er lågare enn forventa. Departementet gjer difor framlegg om å redusere løyvinga med 0,8 mill. kroner.

Post 74 Fiskeriforskingsavgift

Fiskeriforskingsavgifta bereknast som 1,35 pst. av førstehandsverdien av villfanga fisk. Eit oppdatert anslag tilseier at inntektene frå avgifta blir 470 mill. kroner i 2026. Nærings- og fiskeridepartementet gjer difor framlegg om å auke løyvinga med 53,6 mill. kroner.

Inntektene frå fiskeriforskingsavgifta motsvarast av løyvingane under kap. 917, post 22, kap. 919, post 76 og kap. 923, post 22.

Post 76 Kontrollavgift fiskeflåten

Avgifta reknast som 0,22 pst. av førstehandsverdien av villfanga fisk, med unntak for fangst frå fartøy som er under 15 meter. Eit oppdatert anslag tilseier at inntektene frå avgifta blir 61 mill. kroner i 2026. På dette grunnlaget gjer departementet framlegg om å auke løyvinga med 6,8 mill. kroner.

Kap. 5612 Renter frå Store Norske Spitsbergen Kulkompani AS

Post 80 Renter

Ein viser til omtale under kap. 3951, post 90. I saldert budsjett for 2026 blei renteinnbetalingane anslått til 40,1 mill. kroner. På bakgrunn av nye anslag gjer departementet framlegg om å redusere løyvinga med 1,7 mill. kroner.

Kap. 5625 Renter og utbyte frå Innovasjon Noreg

Post 82 Låneordning for pakkereisearrangørar – renter

Renteinntektene for 2026 er oppdatert i tråd med nye anslag frå Innovasjon Noreg. Anslaga er oppdatert på grunnlag av innbetalingar og betalingsplanane som gjeld for låna. På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 30 000 kroner.

Kap. 5626 Renter av lån til Institutt for energiteknikk

Post 80 Renter

Det visast til omtale under kap. 908, post 72. Lågare utbetaling av lån enn det som blei lagt til grunn i saldert budsjett, gjer at rekna renteinntekter blir lågare. På dette grunnlaget gjer departementet framlegg om å redusere løyvinga med 1 mill. kroner.

Kap. 5629 Renter frå eksportkredittordninga

Post 80 Renter

Renteinntektene blir i hovudsak styrte av rentenivå, storleik på låneporteføljen og valutaeffektar. På grunn av førehandsbetalingar som har redusert den utestående låneporteføljen, ventar Eksfin noko lågare renteinntekter. På dette grunnlaget

gjer departementet framlegg om å redusere løyvinga med 50 mill. kroner, til 900 mill. kroner.

Kap. 5656 Aksjar under Nærings- og fiskeridepartementet si forvaltning

Post 85 Utbyte

Ved handsaminga av Prop. 96 S og Innst. 450 S (2025–2026) blei løyvinga satt til 32 048,4 mill. kroner. Nye tal viser at utbyte frå selskapa vil bli 197,8 mill. kroner høgare. Utbyte frå Akastor ASA, Argentum AS, Investinor AS, Mesta AS og Store Norske Spitsbergen Kulkompani AS blei høvesvis 29,7, 100,0, 25,2, 42,0 og 0,9 mill. kroner høgare.

På dette grunnlaget gjer departementet framlegg om å auke løyvinga med til saman 197,8 mill. kroner, til 32 246,2 mill. kroner.

Kap. 5685 Aksjar i Equinor ASA

Post 85 Utbyte

Ved handsaminga av Prop. 96 S (2025–2026) og Innst. 450 S (2025–2026) blei løyvinga satt til 25 386,5 mill. kroner. Anslaget er oppdatert med siste vekslingskurs mot amerikanske dollar på 9,51 kroner per dollar.

På dette grunnlaget gjer departementet framlegg om å redusere løyvinga med 1 327,7 mill. kroner, til 24 058,8 mill. kroner.

4 Orientering

4.1 Arbeidet med statleg plan for Fensfeltet

Fensfeltet inneheld den største dokumenterte førekomsten av sjeldne jordartar i Europa. Tilgang til produkt som inneheld sjeldne jordartar, har stor økonomisk og strategisk betydning og vert særleg nytta i produksjon av magnetar, som vert nytta i bilindustri, energiproduksjon, datasenter, forsvarsmateriell mv. Staten tok etter ynskje frå Nome kommune over planprosessen i april 2026. I september blei det kunngjort at Kommunal- og distriktsdepartementet er planmyndigheit og at Nærings- og fiskeridepartementet skal vere forslagsstillar.

Nærings- og fiskeridepartementet vil etablere ein prosjektorganisasjon i departementet som skal utføre oppgåvene som følgjer av rolla som forslagsstillar. Rolla som forslagsstillar inneber å utarbeide planprogram, gjennomføre konsekvensutgreiing og å utarbeide områderegulering. Arbeidet vil innebere omfattande kommunikasjons- og koordineringsarbeid og kontakt med lokale interesser, Nome kommune, miljøorganisasjonar, bedriftene og offentlege etatar. Prosjektorganisasjonen vil arbeide i 2027 og 2028, med mål om at regjeringa kan vedta områderegulering i 2028.

Departementet anslår behovet til 30 mill. kroner, fordelt på 15 mill. kroner til bemanning av prosjektorganisasjonen og 15 mill. kroner til konsekvensutgreiingar og kartlegging for å sikre god framdrift i prosessen. Det er satt av midlar for å starte opp arbeidet på kap. 900, post 21. Departementet vil kome tilbake med eventuelle behov for auka løyving til arbeidet med statleg plan i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2027.

5 Andre saker

Oppfølging av oppmodingsvedtak

Høyring av forskrifter om nasjonal tryggleik i mineralloven

Ved handsaminga av *Representantforslag om et statlig mineralselskap*, jf. Dokument 8:148 S (2025–2026), Innst. 376 S (2025–2026), gjorde Stortinget 2. juni 2026 vedtak nr. 848:

> *«Stortinget ber regjeringen i løpet av 2026 sende på høring de varslede forskriftene om nasjonal sikkerhet i mineralloven.»*

I Prop. 1 S (2026–2027) for Nærings- og fiskeridepartementet blei det opplyst at regjeringa var i gong med å følgje opp vedtaket.

I den nye minerallova, som tredde i kraft 1. juli i år, er det teke inn ei føresegn i § 1-9 som gir Kongen heimel til å fastsetje forskrift om tiltak som er nødvendige for å vareta omsynet til nasjonal tryggleik knytt til mineralverksemd og forvaltning av mineralressursar.

Departementet tek sikte på å sende eit forslag på høyring innan utgangen av 2026. Eventuelle regelverksendringar kan først fastsetjast etter at høyringa er avslutta og høyringsinnspela er vurderte.

Ny ordning for lågutsleppsteknologi i trafikklyssystemet

Ved handsaminga av *Fremtidens havbruk – Bærekraftig vekst og mat til verden*, jf. Meld. St. 24 (2024–2025), Innst. 525 S (2024–2025), gjorde Stortinget 12. juni 2025 vedtak nr. 1054:

«Stortinget ber regjeringen fremme forslag om en ordning som også omfatter lavutslippsløsninger, når det foreligger tilstrekkelig datagrunnlag og teknologisk verifikasjon – herunder automatisert lusetelling. Dette forutsetter utredning og høring, og ny ordning skal senest tre i kraft i løpet av 2026. Ordningen skal erstatte dagens unntaksregel i trafikklyssystemet og innrettes slik at effekt på lusereduksjon og styrke på insentiv henger sammen.»

I Prop. 1 S (2026–2027) for Nærings- og fiskeridepartementet opplyste regjeringa at ho ville komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Departementet tek sikte på å sende eit forslag til ordning på høyring innan utgangen av 2026. I samsvar med Stortinget si oppmoding forutsett ei ordning for lågutslepp at det ligg føre tilstrekkeleg datagrunnlag og teknologisk verifikasjon, deriblant automatisk luseteljing. Desse kriteria ligg ikkje føre enno. Forslaget vil difor vere avgrensa til å gjelde nullutslepp. Eventuelle regelverksendringar kan først fastsetjast etter at høyringa er avslutta og høyringsinnspela er vurderte.

Nærings- og fiskeridepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2026 under Nærings- og fiskeridepartementet.

Vi HAAKON, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2026 under Nærings- og fiskeridepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag
til vedtak om endringar i statsbudsjettet 2026 under Nærings- og fiskeridepartementet

I

I statsbudsjettet for 2026 blir det gjort følgjande endringar:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
900		Nærings- og fiskeridepartementet:	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med	4 900 000
		frå kr 555 400 000 til kr 550 500 000	
	21	Særskilde driftsutgifter, *kan overførast*, blir redusert med	300 000
		frå kr 79 001 000 til kr 78 701 000	
	26	Forvalting av grunneigedom på Svalbard, *kan overførast*, blir auka med	1 500 000
		frå kr 11 063 000 til kr 12 563 000	
	71	Miljøtiltak Raufoss, blir redusert med	2 400 000
		frå kr 6 466 000 til kr 4 066 000	
902		Justervesenet:	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med	2 000 000
		frå kr 162 270 000 til kr 160 270 000	
903		Norsk akkreditering:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med	5 600 000
		frå kr 87 623 000 til kr 93 223 000	
904		Brønnøysundregistera:	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med	3 500 000
		frå kr 619 251 000 til kr 615 751 000	
	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, *kan overførast*, blir redusert med	19 300 000
		frå kr 139 872 000 til kr 120 572 000	
906		Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard:	
	32	Miljøtiltak Folldal, *kan overførast*, blir redusert med	24 000 000
		frå kr 45 700 000 til kr 21 700 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner
907		Norsk nukleær dekommisjonering:	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med	6 000 000
		frå kr 463 359 000 til kr 457 359 000	
	30	Opprydding Søve*, kan overførast*, blir redusert med	27 000 000
		frå kr 64 170 000 til kr 37 170 000	
908		Institutt for energiteknikk:	
	71	Tilskot til sikring av atomanlegg, blir redusert med	14 900 000
		frå kr 89 440 000 til kr 74 540 000	
	72	Lån til flytting av laboratorium og infrastruktur, blir redusert med	78 500 000
		frå kr 78 500 000 til kr 0	
909		Tiltak for sysselsetjing av sjøfolk:	
	73	Tilskot til sysselsetjing av sjøfolk*, overslagsløyving*, blir auka med	30 000 000
		frå kr 2 579 000 000 til kr 2 609 000 000	
911		Konkurransetilsynet:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med	3 000 000
		frå kr 154 418 000 til kr 157 418 000	
912		Klagenemndssekretariatet:	
(NY)	21	Særskilde driftsutgifter, blir løyvd med	1 330 000
915		Regelrådet:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med	1 980 000
		frå kr 3 054 000 til kr 5 034 000	
917		Fiskeridirektoratet:	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med	200 000
		frå kr 547 125 000 til kr 546 925 000	
	22	Fiskeriforsking og -overvaking*, kan overførast*, blir auka med	18 800 000
		frå kr 145 700 000 til kr 164 500 000	
	23	Prisråd for havbruk, blir redusert med	3 365 000
		frå kr 18 400 000 til kr 15 035 000	
919		Ymse fiskeriføremål:	
	60	Tilskot til kommunar og fylkeskommunar*, kan overførast*, blir auka med	463 100 000
		frå kr 1 572 766 000 til kr 2 035 866 000	
	73	Tilskot til kompensasjon for CO_2-avgift, blir auka med	1 800 000
		frå kr 640 400 000 til kr 642 200 000	
	74	Erstatningar*, kan overførast*, blir redusert med	1 500 000
		frå kr 1 896 000 til kr 396 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner
	76	Tilskot til fiskeriforsking, *kan overførast*, blir auka med	1 000 000
		frå kr 8 300 000 til kr 9 300 000	
920		Noregs forskingsråd:	
	70	Tilskot til næringsretta forsking, *kan overførast*, blir redusert med	328 400 000
		frå kr 1 157 200 000 til kr 828 800 000	
	72	Tilskot til marin og maritim forsking, *kan overførast*, blir redusert med	153 000 000
		frå kr 455 500 000 til kr 302 500 000	
922		Romverksemd:	
	70	Kontingent i European Space Agency (ESA), blir redusert med	884 000
		frå kr 290 342 000 til kr 289 458 000	
	71	Internasjonal romverksemd, blir redusert med	3 724 000
		frå kr 699 871 000 til kr 696 147 000	
	73	EU sine romprogram, blir redusert med	8 960 000
		frå kr 494 580 000 til kr 485 620 000	
923		Havforskingsinstituttet:	
	22	Fiskeriforsking og -overvaking, *kan overførast*, blir auka med	33 800 000
		frå kr 262 400 000 til kr 296 200 000	
924		Internasjonale samarbeidsprogram:	
	70	Tilskot, blir redusert med	18 867 000
		frå kr 393 300 000 til kr 374 433 000	
951		Store Norske Spitsbergen Kulkompani AS:	
	90	Lån, *kan overførast*, blir redusert med	85 700 000
		frå kr 316 000 000 til kr 230 300 000	
	96	Aksjar, blir redusert med	18 900 000
		frå kr 47 800 000 til kr 28 900 000	
952		Investinor AS:	
(NY)	50	Risikokapital, blir løyvd med	15 000 000
(NY)	52	Investeringar i fond retta mot Ukrainsk forsvarsindustri, blir løyvd med	333 000 000
(NY)	95	Kapitalinnskot, blir løyvd med	28 000 000
2421		Innovasjon Noreg:	
	50	Tilskot til etablerarar og bedrifter, inkl. tapsavsetjingar, blir auka med	6 100 000
		frå kr 1 141 980 000 til kr 1 148 080 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner
	70	Basiskostnader, blir auka med	25 000 000
		frå kr 185 088 000 til kr 210 088 000	
	90	Lån frå statskassa til utlånsverksemd, *overslagsløyving*, blir redusert med	1 500 000 000
		frå kr 65 850 000 000 til kr 64 350 000 000	
2426		Siva SF:	
	71	Tilskot til testfasilitetar, blir redusert med	6 100 000
		frå kr 218 496 000 til kr 212 396 000	
2429		Eksportkredittordninga:	
	90	Utlån, blir auka med	500 000 000
		frå kr 7 000 000 000 til kr 7 500 000 000	
2440		Staten sitt direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda:	
	30	Investeringar, blir redusert med	2 000 000 000
		frå kr 35 500 000 000 til kr 33 500 000 000	
(NY)	31	Kjøp av eigardelar, blir løyvd med	100 000 000
2540		Stønad under arbeidsløyse til fiskarar og fangstmenn:	
	70	Tilskot, *overslagsløyving*, blir redusert med	15 000 000
		frå kr 90 000 000 til kr 75 000 000	

Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
3900		Nærings- og fiskeridepartementet:	
	03	Inntekter frå forvalting av grunneigedom på Svalbard, blir auka med	1 500 000
		frå kr 11 269 000 til kr 12 769 000	
3902		Justervesenet:	
	01	Gebyrinntekter, blir redusert med	2 000 000
		frå kr 23 445 000 til kr 21 445 000	
	03	Inntekter frå sal av tenester, blir redusert med	3 000 000
		frå kr 34 798 000 til kr 31 798 000	
3903		Norsk akkreditering:	
	01	Gebyrinntekter og andre inntekter, blir auka med	5 600 000
		frå kr 59 240 000 til kr 64 840 000	
3904		Brønnøysundregistera:	
	01	Gebyrinntekter, blir auka med	17 400 000
		frå kr 672 986 000 til kr 690 386 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner
	02	Refusjonar, oppdragsinntekter og andre inntekter, blir redusert med	3 500 000
		frå kr 37 145 000 til kr 33 645 000	
3907		Norsk nukleær dekommisjonering:	
	03	Leigeinntekter for tomt i Halden, blir redusert med	8 900 000
		frå kr 17 400 000 til kr 8 500 000	
3910		Sjøfartsdirektoratet:	
	01	Gebyr for skip og flyttbare innretningar i NOR, blir redusert med	8 000 000
		frå kr 270 092 000 til kr 262 092 000	
	04	Gebyr for skip i NIS, blir auka med	6 000 000
		frå kr 74 630 000 til kr 80 630 000	
3911		Konkurransetilsynet:	
	86	Lovbruddsgebyr, blir redusert med	100 000
		frå kr 100 000 til kr 0	
3912		Klagenemndssekretariatet:	
	01	Klagegebyr, blir auka med	519 000
		frå kr 741 000 til kr 1 260 000	
	02	Refusjonar og andre inntekter, blir auka med	175 000
		frå kr 225 000 til kr 400 000	
	87	Lovbrotsgebyr, blir auka med	5 700 000
		frå kr 100 000 til kr 5 800 000	
3917		Fiskeridirektoratet:	
	01	Ymse inntekter, blir auka med	650 000
		frå kr 1 348 000 til kr 1 998 000	
(NY)	13	Inntekter frå sal av løyve til oppdrett, blir løyvd med	842 000 000
	86	Forvaltingssanksjonar, blir auka med	5 000 000
		frå kr 3 000 000 til kr 8 000 000	
3950		Forvalting av statleg eigarskap:	
	96	Sal av aksjar, blir auka med	3 316 600 000
		frå kr 25 000 000 til kr 3 341 600 000	
3951		Store Norske Spitsbergen Kulkompani AS:	
	90	Avdrag, blir auka med	400 000
		frå kr 23 500 000 til kr 23 900 000	
3952		Investinor AS:	
(NY)	50	Tilbakeført kapital, pre-såkornfond m.m., blir løyvd med	93 194 000
(NY)	90	Tilbakeført kapital, såkornfond, blir løyvd med	23 893 000

Kap.	Post	Formål		Kroner
3955		Equinor ASA:		
(NY)	96	Sal av aksjar, blir løyvd med		28 001 800 000
5325		Innovasjon Noreg:		
	90	Avdrag på utestående fordringar, blir auka med		1 700 000 000
		frå kr 64 500 000 000 til kr 66 200 000 000		
	92	Låneordning for pakkereisearrangørar – avdrag, blir auka med		200 000
		frå kr 6 900 000 til kr 7 100 000		
5329		Eksportkredittordninga:		
	70	Gebyr m.m., blir auka med		5 000 000
		frå kr 25 000 000 til kr 30 000 000		
	90	Avdrag på utestående fordringar, blir auka med		1 000 000 000
		frå kr 7 500 000 000 til kr 8 500 000 000		
5440		Staten sitt direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda:		
	24	Driftsresultat:		
		1 Driftsinntekter	396 900 000 000	
		2 Driftsutgifter	-51 000 000 000	
		3 Leite- og feltutviklingsutgifter	-2 700 000 000	
		4 Avskrivingar	-43 800 000 000	
		5 Renter av statens kapital	-5 600 000 000	
			293 800 000 000	
5460		Eksportfinansiering Noreg:		
	71	Tilbakeføring frå avvikla garantiordningar, blir auka med		6 800 000
		frå kr 1 700 000 til kr 8 500 000		
	85	Inntekter frå avvikla mellombelse ordningar, blir auka med		2 500 000
		frå kr 1 024 700 000 til kr 1 027 200 000		
5574		Sektoravgifter under Nærings- og fiskeridepartementet:		
	73	Årsavgift Merkeregisteret, blir redusert med		800 000
		frå kr 3 900 000 til kr 3 100 000		
	74	Fiskeriforskingsavgift, blir auka med		53 600 000
		frå kr 416 400 000 til kr 470 000 000		
	76	Kontrollavgift fiskeflåten, blir auka med		6 800 000
		frå kr 54 200 000 til kr 61 000 000		
5612		Renter frå Store Norske Spitsbergen Kulkompani AS:		
	80	Renter, blir redusert med		1 700 000
		frå kr 40 100 000 til kr 38 400 000		

Kap.	Post	Formål	Kroner
5625		Renter og utbyte frå Innovasjon Noreg:	
	82	Låneordning for pakkereisearrangørar – renter, blir auka med	30 000
		frå kr 100 000 til kr 130 000	
5626		Renter av lån til Institutt for energiteknikk:	
	80	Renter, blir redusert med	1 000 000
		frå kr 3 500 000 til kr 2 500 000	
5629		Renter frå eksportkredittordninga:	
	80	Renter, blir redusert med	50 000 000
		frå kr 950 000 000 til kr 900 000 000	
5656		Aksjar under Nærings- og fiskeridepartementets forvalting:	
	85	Utbyte, blir auka med	197 800 000
		frå kr 32 048 400 000 til kr 32 246 200 000	
5685		Aksjar i Equinor ASA:	
	85	Utbyte, blir redusert med	1 327 700 000
		frå kr 25 386 500 000 til kr 24 058 800 000	

II

Tilføying av stikkord

Stortinget samtykkjer i at stikkordet «kan overførast» føyast til:

- kap. 900 Nærings- og fiskeridepartementet, post 27 Etablering av støtteregister
- kap. 900 Nærings- og fiskeridepartementet, post 81 Tilskot til Leverandørutviklingsprogrammet
- kap. 919 Ymse fiskeriføremål, post 60 Tilskot til kommunar og fylkeskommunar
- kap. 922 Romverksemd, post 51 Eigenkapital Andøya Space
- kap. 922 Romverksemd, post 76 Tilskot Andøya Space
- kap. 951 Store Norske Spitsbergen Kulkompani AS, post 71 Tilskot til energitiltak
- kap. 951 Store Norske Spitsbergen Kulkompani AS, post 90 Lån

III

Tilsegnsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Nærings- og fiskeridepartementet i 2026 kan:

1. gi tilsegn om tilskot utover gitte løyvingar, men slik at samla ramme for nye tilsegner og gammalt ansvar ikkje overstig følgjande beløp:

Kap.	Post	Nemning	Samla ramme
920		Noregs forskingsråd	
	70	Tilskot til næringsretta forsking	3 263,1 mill. kroner
	72	Tilskot til marin og maritim forsking	1 675,5 mill. kroner

IV

Sal av delar tilknytte Draugenfeltet i samband med kjøp av eigardelar i gasstransportinteressentskapet Polarled

Stortinget samtykkjer i at Nærings- og fiskeridepartementet, i samband med overtaking av deltakardelar i gasstransportinteressentskap Polarled frå M Vest Energy AS, overfører 1,8 pst. i Draugen Njord Eiendom DA og 1,8 pst. i løyve til anlegg og drift av kraft frå land til Draugen- og Njordfelta til M Vest Energy AS. Samtykket omfattar også å gje eventuelle fullmakter til Petoro for slik gjennomføring.

V

Meirinntektsfullmakt og fullmakt til å kunne utbetale i 2027

Stortinget samtykkje i at Nærings- og fiskeri departementet i 2026 kan overskride løyvinga under kap. 919 Ymse fiskeriføremål, post 60 Tilskot til kommunar og fylkeskommunar mot 55 pst. av meirinntekter under kap. 3917 Fiskeridirektoratet, post 13 Inntekter frå sal av løyve til oppdrett i samband med tildeling av oppdrettsløyve. Tilsvarande skal eventuelle mindreinntekter under kap. 3917, post 13 innebere at utbetalingar under kap. 919, post 60 reduserast høvesvis med 55 pst. Vidare skal 55 pst. av meirinntekter som ikkje blir utbetalt i 2026, kunne bli utbetalt i 2027.

Departementenes sikkerhets- og serviceorganisasjon
Trykksak 2041 0446